

**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Byggmester Knut Henanger
Orrhøyflaten 3

5918 FREKHAUG

Dykkar ref.
Vår ref. Merethe TvedtJournalp.ID 11/3267
ArkivsakID 2008000222
Arkiv nr. GBNR-22/26, N-511

Dato 06.04.2011

**GODKJENNING - LØYVE TIL BYGGING AV VEG-, VASS- OG
AVLAUPSANLEGG PÅ MJÅTVEIT, GNR 22 BNR 26, 53 OG 95.**

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	06.04.2011	MET	096/11

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	21.01.2008	Byggmester Knut Henanger	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - VEG, VATN OG AVLAUPSANLEGG - GNR 22 BNR 26, 53 OG 95.
2	I	22.01.2008	Byggmester Knut Henanger; Sigmund Skråmestø rørleggerforretning AS; Svein Mo AS	SØKNAD OM LOKAL GODKJENNING.
5	I	22.01.2008	Sigmund Skråmestø rørleggerforretning AS; Svein Mo AS	KONTROLLERKLÆRING.
7	I	22.01.2008	Sigmund Skråmestø rørleggerforretning AS	SØKNAD OM UTSLEPP.
4	I	22.01.2008	Innmålingstjenester AS	GODKJENT FØRETAK.
3	I	23.01.2008	Byggmester Knut Henanger; Sigmund Skråmestø rørleggerforretning AS; Svein Mo AS;	SØKNAD OM ANSVARSRETT KONTROLLPLAN.
6	I	23.01.2008	Innmålingstjenester AS Sigmund Skråmestø rørleggerforretning AS	SØKNAD OM LØYVE TIL TILKOPLING.

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
Besøksadr. Havnevegen 41 A
postmottak@meland.kommune.noTelefon:
56 17 10 00Telefaks:
56 17 10 01
avd. 56 17 11 61Bankkonto:
1503.18.83722Heimeside:
www.meland.kommune.no
Kartinformasjon:
www.nordhordlandskart.no

Føretak	Godkjenningsområde
Helge Henanger Organisasjonsnummer: 974344076 Lokal godkjenning	UTF/KUT tkl 1 Fagområde: Gravearbeider
Fløysand VA AS Organisasjonsnummer: 987774525 Sentral godkjenning	PRO/KPR/UTF/KUT tkl 1 Fagområde: Legging av utv. Vann og avløp

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 29-1.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Tilknytning til kommunalt VA-anlegg:

Meland kommune godkjenner at eigedomane gnr. 22 bnr. 26, 53 og 95 vert tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad stempla motteke 11.03.2011 og på følgjande vilkår:

Det skal leggjast fram skriftleg erklæring med løyve til å knyta seg til anlegget frå eigar av det private leidningsnettet i Mjåtveitmarka.

Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgja "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp".

Tilknytninga til det kommunale VA-anlegget skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande rørleggar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.

Dersom De ønskjer å leiga vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ og vert fakturert i samband med søknad om løyve til tiltak/igangsetjingsløyve for den enkelte eigedom.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.
Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagte skjema.

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester

Anny Bastesen
kommunalsjef

Merethe Tvedt
Byggjesakskonsulent
Kopi til:
HKH Bygg og Eiendom

8	U	24.01.2008	Byggmester Knut Henanger	FØREBELS SVAR PÅ LØYVE TIL TILTAK.
9	U	04.02.2008	Byggmester Knut Henanger	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - VEG, VATN OG AVLAUPSANLEGG - GNR 22 BNR 26, 53 OG 95 - MANGLER VED SØKNAD.
10	I	28.03.2010	Byggmester Knut Henanger	RETTING AV MANGLAR TIL SØKNAD VEDK. GNR 22 BNR 26, 53, 95.
12	U	21.12.2010	Byggmester Knut Henanger	SØKNAD OM VEG VATN OG AVLAUPSANLEGG- GNR 22 BNR 26
13	I	04.02.2011	Byggmester Knut Henanger	ETTERSENDTE DOKUMENTER
15	I	11.03.2011	Fløysand VA AS	SØKNAD OM LØYVE TIL TILKOPLING
14	U	06.04.2011	Byggmester Knut Henanger	GODKJENNING - LØYVE TIL BYGGING AV VEG-, VASS- OG AVLAUPSANLEGG PÅ MJÁTVEIT, GNR 22 BNR 26, 53 OG 95.

Eigedom: 22 / 26

Byggjeplass: Mjåtveit

Tiltakshavar: HKH Bygg og Eiendom

Ansvarleg søkjar: Byggmester Knut Henanger

Planstatus: LNF- område

Tekniske anlegg: VVA-anlegg

Søknad om: Veg vatn og avlaupsanlegg

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 93a stempla motteke 22.01.2008 i Meland kommune og anna dokumentasjon stempla motteke 29.03.2010 og 14.02.2011. Søknaden gjeld bygging av veg, vatn og avlupsanlegg for gnr. 22 bnr. 26, 53 og 95 på Mjåtveit. Søknaden kom inn før 01.07.2010 og blir behandla etter gjeldande lovverk før 01.07.2010.

Det er også søkt om tilknytning til kommunalt VA-anlegg for eigedomane, jf. søknad stempla motteke 11.03.2011. Eigedomane skal etablera eige leidningsnett i samsvar med kart stempla motteke 14.02.2010 fram til privat leidningsnett som er godkjend i samband med utbygginga av Mjåtveitmarka. Dette leidningsnettet skal igjen knytast til det kommunale VA-anlegget. Pumpestasjonen som skal etablerast er dimensjonert 20-25 bueiningar slik at fleire eigedomar i framtida kan knytast til anlegget.

Det ligg føre erklæring frå veglaget til å bruka felles veg og opparbeida VA-anlegget og erklæring frå eigar av gnr. 22 bnr. 26 til å etablera pumpestasjon for felles bruk på eigedomen. Det er gjort munnleg avtale med eigar av det private leidningsnettet som er under utbygging i Mjåtveitmarka om tilknytning.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF-område. Det er gitt dispensasjon for omdisponering av tre parsellar i PLU- vedtak- 090/06. VVA anlegget har venta på seg, då anlegget skal knytast til Walde sitt anlegg i Mjåtveitmarka. Dette anlegget er ikkje ferdigstilt. Omsøkte anlegg for gnr. 22 bnr. 26, 53 og 95 kan ikkje takast i bruk før Walde sitt anlegg er utbygd og ferdigstilt i samsvar med vilkår i løyvet.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 24.10.2007 og 26.01.2011. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 94.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart stempla motteke 14.02.2011.

Tilknytting til kommunalt VA-anlegg:

Tilknytting til det private leidningsnettet i Mjåtveitmarka skal skje i kum. Det må leggjast fram skriftleg erklæring med løyve til å knyta seg til anlegget frå eigar av det private leidningsnettet i Mjåtveitmarka.

Administrasjonen vil gjera merksam på at det omsøkte anlegget ikkje kan ferdigstillast og takast i bruk før det private VA-anlegget i Mjåtveitmarka er utbygd og ferdigstilt i samsvar med dei vilkår som er gjevne.

Det er søkt om og gjeve rammeløyve for oppføring av einbustad på gnr. 22 bnr. 26. Det er ikkje per i dag søkt om løyve til tiltak for gnr. 22 bnr. 53 og 95. Søkjar må sjølv dokumentera løyve til tilknytting til kommunalt VA-anlegg i samband med søknad om løyve til tiltak/ igangsetjingsløyve for kvar eigedom. Tilknytingsgebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomane vert tilknytt det kommunale VA-anlegget.

VEDTAK

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 93a løyve til bygging av veg, vatn og avlaupsanlegg for gnr. 22 bnr. 26, 53 og 95 i samsvar med søknad stempla motteke 22.01.2008 og anna dokumentasjon stempla motteke 29.03.2010 og 14.02.2011.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 29.03.2010 og 14.02.2011.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Byggmester Knut Henanger Organisasjonsnummer: 985477647 Lokal godkjenning	SØK/PRO/KPR tkl 1 Fagområde: Ansvarleg søker. Prosjektering av veg.